

VÅGÅ
KOMMUNE

Årsrapport 2020




www.vaga.kommune.no

Innhold

Organisasjonskart	3
Om Vågå kommune	4
Konklusjon økonomi 2020	9
Oppsummering av rekneskapsresultat	9
Handlingsreglar	10
Korrigert netto driftsresultat	10
Disposisjonsfond	11
Lånegjeld	11
Økonomiske hovudtal	12
Økonomisk oversikt – drift	12
Driftsinntekter	14
Driftsutgifter	15
Finanstransaksjonar	16
Kraftinntekter	16
Bevillingsoversikt drift – del 2 - Fordeling av netto driftsutgifter	17
Avviksanalyse bevillingsoversikt drift – del 2	17
Investeringar	20
Bevillingsoversikt investering – del 1	20
Avviksanalyse bevillingsoversikt investering – del 2	22
Økonomisk oversikt – balanse	23
Gjeld og utlån	24
Fond	25
Arbeidskapital og likviditet	26
Likviditetsanalyse	26
Finansrapport 2020	27
Innleiing	27
Plasseringar i bank, rentepapir eller rentefond	27
Likviditetsutvikling	27
Risikospreiing	27
Gjeldsforvaltning	27
Opptak av nye lån og refinansiering av lån i 2020	28
Avvik	28

Organisasjonskart



Om Vågå kommune

Politisk styring

Omfattar det sentrale politiske apparatet med kommunestyret, formannskap, hovudutval m.fl.

Administrasjon og leiing

Den administrative leiinga består etter organisasjonskartet av kommunedirektør, 3 kommunalsjefar, økonomisjef, personalsjef og 13 tenesteleiarar. Ein av kommunalsjefane har kombinasjonsstilling kommunalsjef/tenesteleiar. I 2020 tilsette Vågå kommune kommunalsjef barnehage, utdanning og kultur samt kommunalsjef helse og mestring. Økonomisjefen og personalsjefen er ein del av kommunedirektøren si leiargruppe.

Medarbeidrarar

Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen.

Utvikling i talet på tilsette i perioden 2018-2020

Kommunen samla	2018	2019	2020
Tilsette faste, vikariat, lærlingar – ikkje timelønte 31/12	390	383	392
Endring i årsverk, pr. 31/12	304,1	297,9	309,3
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	78%	77,8%	78,9%
Administrative stillingar (kostra funksjon 120 og 290)			
Tilsette (inkl. deltidsstillingar hovudtillitsvalde)	24	22	24
Årsverk	17,9	17,0	16,4

At talet på tilsette har gått opp skuldast mellom anna tilsetjing av to kommunalsjefar, prosjektstillingar innan helse og mestring samt behov for ekstraressursar innan barnehage og skule samt helse og meistring.

Likestilling/Likeløn

Av 392 tilsette er det 314 kvinner. Kommunen har eit ønske om å få inn fleire menn i omsorgsyrke enn i dag. Det har så langt ikkje lukkast å få fleire menn inn i barnehagen.

I kommunedirektøren si leiargruppe er det fire menn og to kvinner ved utgangen av 2020. På tenesteleiarnivå er det 9 kvinner og 4 menn.

Tabellen viser fordeling mellom kvinner og menn på ulike tenesteområde.

2020		Kvinner	Menn
I alt	392	315	77
Kommunedirektør-nivå, næring, tildeling	7	3	4
Fellestenester inkl. lærlingar	15	13	2
Skule/barnehage	115	94	21
Kultur, kulturskule, voksenopplæring, flyktning, frivilligsentralen	14	7	7
Vågåheimen, Heimebaserte tenester og Miljøterapitenesta	159	151	8
Helsetenester	21	18	3
Landbruk	8	1	7
Teknisk sektor inkl. innkjøpsavd.	48	23	25
NAV	5	5	0

2019		Kvinner	Menn
I alt	383	302	81
Rådmannsnivå/stab/tildeling mfl	7	5	2
Fellestenester	14	10	4
Skule/barnehage	104	84	20
Kultur og kulturbasert næring	16	7	9
Vågåheimen/heimebasert/Miljøterapitenesta	155	146	9
Helsetenester	20	19	1
Landbruk	8	1	7
Teknisk	52	24	28
Skattoppkrevjar/arbeidsgjevarkontroll/NAV	7	6	1

Oversikt gjennomsnittleg årløn (i 1000 kr med utgangspunkt i 100% stilling)

	2020	2019				
	kvinner	menn	Diff. i menns favør	kvinner	menn	Diff. i menns favør
Samla i organisasjon	526	535	1,70 %	471	520	10,40 %
Kap 3 og 5						
Adm. leiargruppe. inkl tenesteleiar og avd.leiar	663	727	9,60 %	658	714	8,50 %
Kap. 5.1	555	572	3,10 %	560	571	2,00 %
Kap. 4.						
Ufaglærte	382	375	-1,90 %	380	372	-2,10 %
Faglærte	427	442	3,60 %	425	451	6,10 %

3 årig Høgskule/lærar	491	509	3,70 %	492	488	-0,80 %
4 årig Høgskule/adjunkt	526	519	-1,30 %	529	520	-1,70 %
5 årig Høgskule/adjunkt m/tillegg	562	540	-3,90 %	568	539	-5,10 %
Lektor og master	532			541		
Lektor m/tillegg	597	594	-0,50 %	593	558	-5,90 %

Løn for tilsette i kap. 3 (leiargruppa) og kap. 5 blir fastsett etter lokale lønsforhandlingar kvart år.

Løn for tilsette i kap. 4 (som gjeld dei flest tilsette) blir fastsett etter gjeldande hovudtariffavtale i kombinasjon med lokale forhandlingar når dei sentrale partane har sett av midlar til lokal pott. I kapittel 4 vil ulik løn i stor grad ha samanheng med ulik ansiennitet.

Heiltidskultur

Tal for 2020 viser at den gjennomsnittlege stillingsprosenten siste året har endra seg frå 77,8% til 78,9%. Antall tilsette på timeløn har innverknad på gjennomsnittleg stillingsprosent.

Det er pr. 31.12.20 - 259 personar i deltidsstillingar og dei har ein gjennomsnittleg stillingsprosent på 67,7% (67% i 2019). Av dei deltidstilsette er 201 fast tilsette og dei har ein gjennomsnittleg stillingsprosent på 73,2%.

Aldersfordeling i Vågå kommune

Om lag 48,0% (48,9% i 2019, 47% i 2018) er i aldersgruppa 50 år+. Rekruttering av personell til kommunen generelt vil bli ei utfordring i åra som kjem. Spesielt innan omsorgsyrka. Ved inngangen til 2021 er 85 tilsette innan helse og meistring 55 år+ av desse er 35 personar 60 år+. Tilsvarande tal for barnehage/skule er 40 personar av desse er 14 personar 60 år+.

Aldersgruppe	Antall
<20 år	1
20-29	35
30-39	61
40-49	107
50-59	107
60-64	61
65+	20

Seniorane

Kommunen har AFP-ordninga med 100% sjølvrisiko, noko som betyr at kostnaden med alle AFP-uttak mellom 62- 64 år i sin heilskap blir belasta kommunen. Ved inngangen til 2021 har kommunen 7 tilsette/tidlegare tilsette i alderen 62-64 som tek ut delvis eller heil AFP.

Lærlingar

Vågå kommune har inngått ei samarbeidsavtale med Lærlingkontoret Gudbrandsdalen om oppfølging og administrering av lærekontraktar. Kommunen gjev tilbod om lærlingplassar og har ved utgangen av 2020 åtte lærlingar.

Lærlingane er fordelt slik:


Område	Antall	Plassering
Barne/ungdomsarbeidarfaget:	3	skule/barnehage
Helsearbeidarfaget:	4	helse og omsorg
IKT:	1	ungdomsskulen

Sjukefråvær/nærværarsarbeid

Vågå kommune arbeider aktivt for å halde sjukefråværet på eit lågt nivå gjennom å ha fokus på helse og nærvær framfor sjukdom og sjukefråvær. Det er innarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukemelde arbeidstakrarar og tilrettelegging for at restarbeidsevne kan nyttast. Jamlege statistikk viser utvikling/endring på den enkelte tenestested. I 2016 oppretta Vågå kommune ei nærværsgruppe som mellom anna har ei målsetting om å betre samarbeid og dialog med legane i oppfølging av sjukemelde. Arbeidsgjevar har møte med legane ca. fire gongar pr. år, men dette har ikkje vore mogleg å gjennomføre i 2020 grunna Covid-19 situasjonen. Arbeidsgjevar vil også legge opp til jamlege møte med "psykisk helseteam".

Lege- og eigenmeld sjukefråvær i 2020 var på totalt 7,2% (7,0% i 2019 og 7,8% i 2018). Eigenmeld fråvær utgjer 1,4% av det totale fråværet og dette er nokolunde stabilt (ligg rundt 1,3-1,5%). Statistikk viser at korona-relatert sjukefråvær utgjer om lag 0,2%. Vi vil framleis arbeide for å nå målsettinga om eit totalt fråvær på 5,8%. Dei store einingane innan «helse og meistring» ligg på 8-10%.

Samanlikna med tidlegare år (2010-2020) for lege- og eigenmeld fråvær:



Internkontroll

Vågå kommune arbeider kontinuerleg med kvalitetsarbeid og internkontroll. Vi nyttar verktøyet Compilo (kvalitets- og avvikssystem) i arbeidet. Målet er å få på plass manglande dokumentasjon av rutinar og prosedyrar samt få

tilsette til å melde frå om uønskte hendingar. «Helse og meistring», samt brannvesenet har lagt inn mykje dokumentasjon i systemet, men mykje arbeid står att på dei andre einingane og må prioriterast framover.

Type	2020	2019	2018
HMS-avvik	188	60	40
Organisasjon/internt	37	36	34
Teneste/brukar	199	221	245
Totalt	424	317	319

I all hovudsak er avvika melde innan helse og meistring.

Tillitsvalde

Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjever og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. Det er ein god og ope dialog mellom arbeidsgjever og dei tillitsvalde (HTV-gruppa). Kvar månad møtast leiinga, HTV-gruppa og hovudverneombod til uformelle møte. HTV-gruppa og hovudverneombod blir rådført og inkludert i alle prosessar og avgjerder som betyr noko for dei tilsette. Vågå kommune har ikkje klart å rekruttere nytt hovudverneombod etter 01.08.19, vara hovudverneombod fungerte fram til sommaren 2020. Hovudverneombod vil få frikjøp på 10-20%.

Etikk

I 2020 har kommunedirektøren mellom anna gjennomført følgjande tiltak for å sikre tryggande kontroll og høg etisk standard:

- Auka fokus på bruk av kvalitets- og avvikssystemet Compilo som verktøy for kontinuerleg forbetring
- Gjennomført oppdatering og revisjon av sentrale rutinar, prosedyrar og reglement

Kommunedirektøren sette i 2020 ned arbeidsgrupper som arbeider med revisjon av økonomireglement og delegeringsreglement. Desse vil bli politisk handsama i 2021.

Resultat av statlege tilsyn i 2020

Tilsyn Lalm skule - Trygt og godt skolemiljø (§9-A)	
Dato gjennomført:	2.9.2020 - 18.2.2021
Utført av:	Fylkesmannen i Innlandet
Resultat:	4 avvik
Oppfølging:	Alle avvik lukka februar 2021. Tilsyn avslutta 18.2.2021.

Tilsyn Vågå renseanlegg og VA-nettet i Vågå kommune	
Dato gjennomført:	20.08.2020
Utført av:	Fylkesmannen i Innlandet
Resultat:	Ingen avvik
Oppfølging:	Ingen avvik

Konklusjon økonomi 2020

Vågå kommune fekk i 2020 eit mindreforbruk på kr 14,2 mill. Resultatet skuldast god økonomisk styring på tenesteområda, kontroll på finansområdet, lågt rentenivå samt god kontroll på dei økonomiske konsekvensane som følgje av Covid-19. Driftsmarginane er gode og fleire økonomiske indikatorar syner positive tall. Langsiktig og berekraftig økonomistyring gjev resultat og bidreg til auka handlekraft. Samstundes er det viktig å hugse at 2020 har vore eit heilt spesielt år, der Vågå kommune har vore heldige og unngått store smitteutbrot av Covid-19.

I økonomiplanar for 2019 og 2020 var det vedteke innsparingar knytt til omstillingarbeid både innan administrasjons- og helseområde, der mellom anna meir interkommunalt samarbeid, vurdering av ikkje lovpålagnede oppgåver og stenging av ei avdeling ved Vågåheimen skulle gjennomførast. I vedteken økonomiplan for 2020-2023 er innsparingane talfesta til kr 1.870 mill. i 2020, og kr 2,5 mill. årleg frå 2021. På grunn av all usikkerheita kring Covid-19 pandemien har ikkje omstillingsarbeidet vore mogleg å gjennomføre, når så mykje ressursar måtte brukast på krisehåndtering. Konsekvensane av ikke gjennomført omstillingsarbeid vil føre til at innsparingane fram i tid kjem seinare enn planlagt. Trass pandemien har det vore lagt mykje innsats i samarbeid på kryss av kommunegrenser, og utvida bruk av digitale løysingar.

Kommunesektoren fekk i 2020 betydeleg høgare statlege overføringer enn statsbudsjettet tilsa, med bakgrunn i ulike krisepakker knytt til Covid-19. Pandemien førte til eit lågare lønnsoppgjer enn det prognosane nytta i budsjettarbeidet viste, noko som både frigjorde lønnsmidlar, og førte til betydeleg innsparing innan pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Driftsområda leverer eit mindreforbruk på kr 2,5 mill., om ein ser bort i frå innsparingane knytt til pensjon og interkommunale samarbeid der Vågå kommune er deltakarkommune. Økonomistyringa og budsjettdisiplin blir opplevd som god.


Vågå kommune sitt disposisjonsfond har i 2020 auka med kr 19,9 mill. etter at mindreforbruket i 2020 er avsett. Disposisjonsfondet utgjer nå 16,7% av driftsinntektene i 2020. Auka i fondet gjer kommunen meir robust for å kunne møte uføresette hendingar i framtida.

Vågå kommune har i 2020 vidareført arbeidet med å styrke økonomien og etablere gode tenester som er tilpassa dei økonomiske ramane. Kommunen skal levere gode velferdstenester, samstundes som det er viktig å ha økonomi til å økonomi til å være ein samfunnsbyggjar. Resultatet i 2020 gjev eit godt fundament for å lukkast med framtidige utfordringar, og fortsette arbeidet med drifts- og strukturtilpassingar.

Oppsummering av rekneskapsresultat

Driftsrekneskapen for 2020 er avgjort med eit mindreforbruk på 14,2 mill. kroner. Dette har samanheng med utbrotet av Covid-19, og særleg at lønnsoppgjernet vart lågare enn budsjettet. Dette førte vidare til at pensjonsutgiftene vart redusert med om lag kr. 8 mill. for 2020. Covid-19 førte til at rekneskapsåret 2020 var prega av fleire uføresette hendingar, både på inntekt- og utgiftsida.

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse.

■ 2015 ■ 2016 ■ 2017 ■ 2018 ■ 2019 ■ 2020


Figur 1 – Årsresultat (2015-2020)

Handlingsreglar

Handlingsreglane til Vågå kommune vart revidert saman med vedtak om økonomiplan 2017-2020 (KS 83/16). Vågå kommune har følgjande vedtekne handlingsreglar:


Korrigert netto driftsresultat

Handlingsregel 1: Korrigert netto driftsresultat (netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond) skal årleg utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter

	2019	2020
Netto driftsresultat	2 352 730	-25 455 170
Premieavvik	8 436 101	4 716 864
Attendeført premieavvik	-3 808 012	-4 958 284
Avsetning til bundne fond	3 032 238	10 311 281
Bruk av bundne fond	-12 178 886	-4 080 136
Korrigert netto driftsresultat	-2 165 830	-19 465 445
 Brutto driftsinntekter	 -350 784 773	 -366 538 435
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-0,7 %	6,9 %
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,6 %	5,3 %

Tabell 1 - Korrigert netto driftsresultat (2019-2020)

■ 2015 ■ 2016 ■ 2017 ■ 2018 ■ 2019 ■ 2020




Figur 2 – Handlingsregel 1 (2015-2020)

Disposisjonsfond

Handlingsregel 2: Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12% av brutto driftsinntekter

	2019	2020
Disposisjonsfond	-41 195 395	-61 072 991
Brutto driftsinntekter	-350 784 773	-366 538 435
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	11,7 %	16,7 %

Tabell 2 - Disposisjonsfond (2019-2020)



Figur 3 - Handlingsregel 2 (2015-2020)


Det er tilrådd frå Statsforvalteren at disposisjonsfond bør utgjere 8 % av sum driftsinntekter for å ha tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar. Da kommunen nærma seg dette målet, vart det i økonomiplan for 2017-2020 vedteke å auke handlingsregelen til 12%.

Lånegjeld

Handlingsregel 3: Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81% av brutto driftsinntekter

	2019	2020
Langsiktig gjeld:	344 045 406	347 281 048
Utlån	63 242 787	63 689 123
Ubrukte lån	10 682 510	15 643 741
Nto.lånegjeld	270 120 110	267 948 184
Lån til sjølvkost	74 000 000	76 000 000
	196 120 110	191 948 184
Brutto driftsinntekter	350 784 773	366 538 435
Lånegjeld med fråtrekk i % av brutto driftsinntekter	55,9 %	52,4 %

Tabell 3 - Lånegjeld (2019-2020)



Figur 4 - Handlingsregel 3 (2015-2020)

Økonomiske hovedtal

Vågå kommune fører rekneskapen etter anordningsprinsippet som gjeld i kommunal sektor. Det betyr at all tilgang og bruk av middel i løpet av året i kommunen si verksemde skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og rekneskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån osb. og dessutan korleis desse er finansiert.

Hovudtal frå driftsrekneskapen ser slik ut

Økonomisk oversikt - drift

Økonomisk oversikt - drift

Driftsinntekter	R-2020	B-2020 (endr.)	B-2020 (opp.)	R-2019
1 Rammetilskudd	153 304 721,00	148 888 000	142 651 000	140 644 798,00
2 Inntekts- og formuesskatt	81 821 740,51	85 169 000	91 543 000	86 045 798,70
3 Eiendomsskatt	22 873 872,46	22 200 000	22 200 000	16 634 337,92
4 Andre skatteinntekter	4 645 486,00	4 646 000	795 000	4 740 204,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	7 601 403,00	9 888 000	9 888 000	9 619 224,42
6 Overføringer og tilskudd fra andre -Mottatte avdrag på utlån	45 379 337,24	45 798 000	29 501 000	40 217 516,14
				-33 202,25
7 Brukerbetalinger	9 177 035,78	9 579 000	9 215 000	9 657 257,95
8 Salgs- og leieinntekter	41 734 839,48	42 057 000	42 867 000	43 258 838,41
9 Sum driftsinntekter	366 538 435,47	368 225 000	348 660 000	350 784 773,29

Driftsutgifter

10 Lønnsutgifter	191 126 735,01	192 190 000	183 350 000	189 280 313,00
11 Sosiale utgifter	31 729 229,58	42 674 000	32 336 000	36 190 817,27
12 Kjøp av varer og tjenester	87 851 946,92	89 889 000	88 325 000	97 234 423,43
13 Overføringer og tilskudd til andre	19 084 483,59	20 801 000	18 689 000	21 179 395,66
-Utlån				-200 156,03
14 Avskrivninger	20 816 247,00	20 832 000	19 014 000	20 879 104,00
-Fordelte utgifter				-4 316 055,69
15 Sum driftsutgifter	350 608 642,10	366 386 000	341 714 000	360 247 841,64

16 Brutto driftsresultat
15 929 793,37
1 839 000
6 946 000
-9 463 068,35
Finansinntekter

17 Renteinntekter	3 257 606,05	4 274 000	4 200 000	3 931 389,72
18 Utbytter	7 018 340,00	7 000 000	5 000 000	5 018 521,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
-Mottatte avdrag på utlån				33 202,25
20 Renteutgifter	6 581 809,04	7 694 000	7 694 000	7 448 192,94
21 Avdrag på lån	14 985 007,00	15 000 000	15 000 000	15 103 530,00
-Utlån				200 156,03
22 Netto finansutgifter	-11 290 869,99	-11 420 000	-13 494 000	-13 768 766,00
23 Motpost avskrivninger	20 816 247,00	20 832 000	19 014 000	20 879 104,00
24 Netto driftsresultat	25 455 170,38	11 251 000	12 466 000	-2 352 730,35

Disp. eller dekning av netto driftsresultat:

25 Overføring til investering	-1 960 784,00	-1 961 000	-1 120 000	-1 036 476,00
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-6 231 145,27	-6 232 000	-443 000	9 146 648,68
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-19 877 595,26	-5 672 000	-10 903 000	-6 867 334,65
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	2 614 354,15	2 614 000	-	3 724 246,47
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-25 455 170,38	-11 251 000	-12 466 000	4 967 084,50
-Rekneskapsmessig mindreforbruk				-2 614 354,15
30 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Tabell 4 - Økonomisk oversikt - drift (2019-2020)

I rekneskapsoppstillinga for kommunesektoren blir det nyttet fleire resultatomgrep. Brutto driftsresultat gjev uttrykk for resultatet av den ordinære drifta inklusive kapitalkostnader (avskrivningar), men eksklusive finansutgifter og finansinntekter. Avskrivningar, som er eit uttrykk for verdiredusjon på kommunale anleggsmidlar, skal førast i driftsrekneskapen, men blir teken ut før netto driftsresultat blir fastsett. Brutto driftsresultat skal som hovudregel minst kunne finansiere utgifter til renter og avdrag.

Netto driftsresultat viser resultat etter finanspostar. Netto driftsresultat seier oss kva kommunen har igjen etter at alle driftsutgiftene er betalte.

Vågå kommune sin rekneskap for 2020 viser eit positivt *netto driftsresultat* på kr 25,4 mill. kroner. Korrigert for bundne fond og premieavvik utgjer netto driftsresultat 5,3% av brutto driftsinntekter, noko som er over vedteken handlingsregel.

Årsrekneskapen for 2020 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 14.205.241,11.


Tidlegare har kommunestyret fått mindreforbruket til disponering i eiga politisk sak. Med ny kommunelov frå rekneskapsåret 2020 skal kommunedirektøren gjere opp rekneskapen i null, der mindreforbruket blir avsett direkte til disposisjonsfond. Kommunestyret må framleis fatte vedtak ved bruk av disposisjonsfond.

Samla driftsinntekter (rammetilskot, skatt, brukarbetalingar, refusjonar osb.) var på kr 366,5 mill. i 2020. Dette er ei auke på kr 15,7 mill. frå 2019. Netto rammetilskot utgjer kr 153,3 mill. etter inntektsutjamninga, ei auke på kr 12,7 mill. frå 2019. Skatteinngangen var kr 85,6 mill., kroner inkl. naturressursskatt (som utgjer kr 3,7 mill.), dvs. ein reduksjon med kr 4,3 mill. frå 2019. Eigedomsskatten er auka med kr. 6,3 mill., og er nå på kr. 22,9 mill. Brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter samt overføringer og tilskot frå andre utgjer kr 96,3 mill. Dette er ei auke på kr 3,2 mill. i forhold til 2019.

Totale driftsutgifter (Løn, kjøp av varer og tenester, tilskot, overføringer og avskrivingar) utgjer kr 350,6 mill., ein reduksjon på kr. 9,6 mill. frå 2019.

Kjøp av varer og tenester er redusert med kr 9,6 mill. til kr 87,9 mill. Løn og sosiale utgifter redusert med kr 2,6 mill. til totalt kr 222,9 mill. Total reduksjon i løn inkludert sosiale utgifter i Vågå kommune utgjer -1,17 % frå 2019 til 2020.

Løn- og sosiale utgifter er den største utgiftsposten i kommunerekneskapen og utgjer netto (fråtrekt refusjon/sjukeløn/fødselspengar) kr 212,7 mill. eller 60,6 % av dei totale driftsutgiftene. Inntekter av skatt og rammetilskot er dei største inntektpostane, og grafane viser utviklinga i desse utgifts-/inntektstypane.




Figur 5 - Netto lønn sett opp mot statlege overføringer (2007-2020)

Til og med år 2010 låg lønsutgiftene på eit høgare nivå enn inntektene av skatt og rammetilskot. Dette biletet vart snudd frå 2011. I 2020 er inntektene av skatt og rammetilskot kr 26,3 mill. høgare enn netto lønsutgifter. Hovudårsaka til endringa er at stadig fleire øyremerkte statstilskot blir innlemma i rammetilskotet. (T.d. barnehagetilskot og samhandlingsreforma).

Driftsinntekter

	R-2020	B-2020 (endr.)	B-2020 (opp.)	R-2019
Sum driftsinntekter	366 538 435	368 225 000	348 660 000	350 784 773

Tabell 5 - Driftsinntekter (2019-2020)



Figur 6 - Driftsinntekter (2020)


Endelege rekneskapstal syner samla driftsinntekter i 2020 på kr 366,5 mill. Dette er kr 1,7 mill. lågare enn revidert budsjett. Avviket skuldast at skatteinntektene samla for hele landet vart lågare enn prognosane. Mindre inntekt frå skatt og inntektsutjamning utgjer kr 1,1 mill. Rekneskapstala syner og at både brukarbetaling og sals- og leigeinntekter vart kr 0,7 mill. lågare enn budsjettet. Desse postane har samanheng med redusert aktivitet grunna Covid-19 situasjonen. Inntekter knytt til integreringstilskot vart kr 2,1 mill. lågare enn budsjettet. Dette har sin årsak i planlagt busetjing i desember 2019 vart utsett til nyåret 2020. Busetjing i 2019 med tilhøyrande integreringstilskot vart difor lågare enn vedteke.

Eigedomsskatteinntektene vart kr 0,7 mill. meir enn budsjettet. Dette skuldast at det i budsjettarbeidet for 2020 vart teke høgde for klagehandsaming i samband med retaksering av eigedomar. Talet på innkomne klagar vart lågare enn forventa, og påverka ikkje rekneskapen i stor grad. Med bakgrunn i Covid-19 vedtok Regjeringa å løyve midlar til kommunal næringsstøtte. Vågå kommune sin del utgjorde om lag kr 1,6 mill., som utgjer ei meirinntekt på rammetilskot.

Driftsutgifter

	R-2020	B-2020 (endr.)	B-2020 (oppr.)	R-2019
Sum driftsutgifter	350 608 642	366 386 000	341 714 000	360 247 842

Tabell 6 - Driftsutgifter (2019-2020)



Figur 7 - Driftsutgifter (2020)

Endelege rekneskapstal syner ei mindreutgift på kr 15,8 mill. i 2020. Dette avviket kan i sin heilheit forklaraast med situasjonen kring Covid-19. Som ein direkte årsak av pandemien vart lønsoppgjeret for 2020 lågare enn det som vart lagt til grunn i budsjettarbeidet. Vidare førte dette til at pensjonsutgiftene vart langt lågare enn budsjettet. I tillegg vedtok Regjeringa å redusere ein termin arbeidsgjevaravgift med 4%. Samla mindreutgift til lønn og sosiale utgifter vart på om lag kr 12 mill. Lågare utgifter til lønn og sosiale utgifter i verkskommunane for interkommunale samarbeid førte til at overføringsutgiftene til andre kommunar vart kr 3,2 mill. lågare enn budsjettet. Inkludert i dette beløpet ligg kr 2 mill. i budsjetterte utgifter til samarbeid kring korttidsplassar ved NGLMS. Pandemien førte også til innsparing på kr 0,5 mill., knytt til kurs og jobbreiser. Prisen på straum var låg gjennom 2020, som førte til ei innsparing på kr 0,8 mill.

Fleire mindre utgiftspostar innan kjøp av varer og tenester utgjorde meirutgifter på kr 0,7 mill. Ein del av dette kan forklaraast med auka utgifter knytt til lisensar og andre serviceavtalar.

Finanstransaksjonar


Finansinntektene består av renteinntekter, utbytte og mottekne avdrag på utlån. Desse inntektene utgjer ca. kr 10,3 mill. i 2020. Dette er kr. 1,4 mill. høgare enn i 2019.

Finansutgiftene består av renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter – i tillegg kjem avdragsutgifter på kommunen sine lån. Finansutgiftene utgjer kr 21,6 mill. i 2020. Dette er kr. 1,2 mill. lågare enn i 2019.

Kraftinntekter

Vågå kommune har moglegheit til eit høgare driftsnivå enn andre samanliknbare kommunar, med bakgrunn i inntekter frå kraft. Desse inntektene er eigedomsskatt, sal av konsesjonskraft, naturressursskatt, konsesjonsavgift og renter og utbytte frå eigarskap.

KRAFTINNTEKTER (2020-KRONER)




Figur 8 - Kraftinntekter (2020)

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Sum inntekter (2020-kroner)	21 890 182	21 500 911	14 662 442	15 308 296	24 576 092	26 385 534
Endring fra 2015		-389 271	-6 838 469	645 854	9 267 796	1 809 443

Tabell 7 - Kraftinntekter (2015-2020)

Bevillingsoversikt drift – del 2 - Fordeling av netto driftsutgifter

Samla på tenesteområde ser fordelinga slik ut:



Figur 9 - Fordeling mellom tenesteområda

Avviksanalyse bevillingsoversikt drift – del 2

Totalt 253,6 mill. kroner fordelt på vedtekte rammeområde:

Bevillingsoversikt drift - del 2	R-2020	B-2020 (endr)	Avvik
Rammeområde Kommunedirektør	25 836 537,37	33 204 000	-7 367 463
Rammeområde Kommunalsjef barnehage og utdanning	71 790 303,77	71 181 000	609 304
Rammeområde Kommunalsjef helse og mestring	97 216 242,87	99 749 000	-2 532 757
Rammeområde Kommunalsjef teknisk og beredskap	29 015 391,82	30 557 000	-1 541 608
Rammeområde interkommunale samarbeid	15 685 552,28	18 929 000	-3 243 448
	239 544 028,11	253 620 000,00	-14 075 971,89

Tabell 8 - Bevillingsoversikt drift - del 2

Kommentar til avvika

I store trekk kan årets mindreforbruk forklaraast med mindreutgifter som følgje av lønnsoppgjeret i 2020.

Pensjonsutgiftene åleine utgjer ei mindreutgift på over kr 10 mill., i tillegg kjem innsparingar på lønn og arbeidsgjevaravgift.

Dei fleste tenesteområda går om lag i balanse, med nokre avvik. Desse avvika er forklart under dei forskjellige rameområda nedanfor.

Rammeområde Kommunedirektør:

Tenesteområde: stab/støtte, fellesstener, tildelingskontor, kultur, innkjøpskontor, skatteoppkrevjarkontor og NAV.

I tillegg er pensjon gjort opp på eit eige sentralt ansvar under kommunedirektøren.

Mindreutgift til pensjon i KLP er bokført under rammeområde Kommunedirektør. Samla utgjer dette ei mindreutgift på kr 8,3 mill.

Rammeområde kommunedirektør inneheld fleire postar knytt til planlagt omstellingsarbeid, mellom anna innsparing som følgje av meir interkommunalt samarbeid, og som følgje av digitalisering. Omstellingsarbeidet har vore vanskeleg å gjennomføre på grunn av Covid-19 situasjonen. Sjølv om det i 2020 har tvinga seg fram utvida bruk av digitale løysingar, så har ein ikkje sett gevinstane av dette på stutt sikt.

I vedteke budsjett for 2020 var det planlagt samarbeid med Sel kommune kring felles tildelingskontor. Vågå sin del var budsjettert med totalt 1,7 årsverk. Samarbeidet vart utsett, og Vågå kommune har drifta tildelingskontoret sjølv med ei mellombels løysing, som har ført til innsparing på kr 0,3 mill.

Rammeområde Kommunalsjef barnehage og utdanning:

Tenesteområde: barnehage og grunnskulens fellesskap (private barnehagar, skuleskyss mm.), kulturskule, vaksenopplæring, Lalm skule, Vågåmo skule, Vågå ungdomsskule, Søre Grindstugu barnehage og Lalm barnehage.

Som rapportert gjennom året har det vore utfordringar ved Lalm skule og Vågåmo skule. Lalm skule måtte gjennomføre nødvendig styrking på 5-7. steg. Om lag halvparten av ekstrautgiftene er dekt inn gjennom innsparingar på andre budsjettpostar, slik at Lalm skule samla sett endar på eit meirforbruk på kr 0,18 mill. Endelege rekneskapstal for Vågåmo skule syner eit meirforbruk på kr 0,6 mill. Avviket forklaraast med feilbudsjettering på avtalefesta tillegg, samt ekstrautgifter til vikar og ekstrahjelp.

Kulturskule og vaksenopplæring endar med mindre innsparingar, medan barnehagane går omtrent i balanse.

Rammeområde Kommunalsjef helse og mestring:

Tenesteområde: Vågåheimen, helsetenester, miljøterapitenesta og heimetenestene.

I budsjettet for 2020 vart det vedteke å gjennomføre omstillingsarbeid ved å stengje ei avdeling på Vågåheimen. Omstillinga vart gjennomført, men på grunn av Covid-19 pandemien og regional beredskap måtte avdelinga opnast att kort tid etter.

Vågåheimen har likevel eit mindreforbruk i 2020. Dette skuldast mindreforbruk knytt til lønn og sosiale utgifter på totalt kr. 2 mill. I tillegg kjøpte Sel kommune sengeplassar ved Vågåheimen først på året, som ga ei meirinntekt på kr 0,7 mill. som ikkje var budsjettert. På grunn av reversering av omstillinga vart det heller ikkje behov for kjøp av sjukeheimspllassar i andre kommunar.

Miljøterapitenesta har også gjennomført omstillingsarbeid ved at bebuarane ved Moavegen vart fløtt til Finntunet. Flyttinga vart gjort så seint på året at det ikkje førte til økonomiske endringar i 2020. Miljøterapitenesta rapporterte meirforbruk gjennom året, og fekk såleis tilført kr 0,5 mill. i tilleggsloøyving ved handsaming av 2. tertial 2020. Når tenesta likevel endar med eit samla mindreforbruk på kr 0,5 mill., skuldast dette meirinntekter frå tilskot til ressurskrevjande brukarar utover det som var budsjettert for 2020.

Heimetenesta rapporterte og meirforbruk gjennom året, og fekk tilført kr 1,5 mill. i tilleggsloøyving ved handsaming av 2. tertial 2020. Endelege rekneskapstal syner eit meirforbruk på kr 0,5 mill., som i hovudsak skuldast utgifter til vikarbruk og lønn ekstrahjelp.

Korona

I store delar av 2020 har Noreg og verda vore eit unntaksår på grunn av koronapandemien. Sjølv om Vågå lokalt sett ikkje har hatt dei største utfordringane med pandemien har det vore gjort mykje førebyggjande arbeid og vore gjennomført mykje beredskap for å oppretthalde situasjonen best mogleg. Det har vore gjort mange risikovurderinger og jobben med å heile tida vera i forkant av smittesituasjonen har prega tenesteproduksjonen vår. Med nokre små enkeltunntak slapp vi dei store smittesituasjonane i lang tid, men i midten av desember fekk vi verkeleg satt våre planar og beredskap på prøve. Vi fekk smitteutbrot i bufelleskap, der både tilsette og pasientar/ brukarar vart smitta. Inn mot julehøgtida fekk vi verkeleg sett beredskapen på prøve og vi er takksame for innsatsen frå dei tilsette i denne situasjonen.

Etter 9 månader med usikkerheit knytta til pandemien er vi inntrykket at dette har vi løyst godt i fellesskap, men at ein etter kvart byrjar å merke situasjonen på både tilsette og pasientar i tenesta. Det er difor gledeleg å sjå at det vi startar opp vaksinasjonsarbeidet allereie frå veke 2 i 2021.

Rammeområde Kommunalsjef teknisk og beredskap:

Tenesteområde: landbrukskontor, beredskap og tekniske tenester

Endelege rekneskapstal for rammeområdet syner eit samla mindreforbruk på kr 1,5 mill. Ein stor del av mindreforbruket skuldast inntekter frå sjølvkostområder, gjennom framføring av tidlegare års underskot jamfør gjeldande regelverk for sjølvkost.

I tillegg var det innan plan og miljø budsjettert med kr 0,5 mill. i kjøp av konsulentbistand. Pandemien og kapasitet innan området har ført til at midlane ikkje er brukt. Innan tenesteområde for kommunale vegar er det innsparing på ulike utgiftspostar, medan billettinntektene frå Slådalsvegen vart høgare enn budsjettert.

Tenesteområde kommunal eigedom endar med eit meirforbruk på kr 0,5 mill. Avviket skuldast høgare vedlikehaldskostnader enn budsjettert.

Rammeområde Interkommunale samarbeid der Vågå er deltakarkommune:

Som nemnt fører det låge lønnsoppgjeret til innsparingar for dei fleste interkommunale samarbeida. NGLMS, PPT, barnevern, Regiondata og Innlandet Revisjon har alle mindreforbruk. Samla sett er mindreforbruket på dei etablerte samarbeidsområda på i overkant av kr 1,2 mill. I tillegg kjem kr 2 mill. budsjettert til samarbeid kring korttidsplassar, slik at samla innsparing på rammeområde er på kr 3,2 mill.


Investeringar

Bevillingsoversikt investering – del 1

Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)	R-2020	B-2020 (endr.)	B-2020 (oppri.)	R-2019
1 Investeringar i varige driftsmidler	17 169 123,43	22 073 000	18 937 000	9 755 368
2 Tilskudd til andres investeringar	-	-	-	-
3 Investeringar i aksjer og andeler i selskaper	972 268,00	972 000	1 120 000	1 136 476
4 Utlån av egne midler	-	-	-	2 977 865
5 Avdrag på lån	-	-	-	2 092 107
6 Sum investeringsutgifter	18 141 391,43	23 045 000	20 057 000	15 961 817
7 Kompenasjon for merverdiavgift	2 072 582,54	2 799 000	2 224 000	1 259 686
8 Tilskudd fra andre	810 415,00	430 000	290 000	875 000
9 Salg av varige driftsmidler	684 262,00	685 000	-	82 104
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	2 805 831
13 Bruk av lån	13 466 622,91	17 333 000	16 423 000	10 859 869
14 Sum investeringsinntekter	17 033 882,45	21 247 000	18 937 000	15 882 491
15 Videreutlån	1 995 145,81	4 000 000	4 000 000	-
16 Bruk av lån til videreutlån	1 995 145,81	4 000 000	4 000 000	-
17 Avdrag på lån til videreutlån	2 202 351,00	2 150 000	2 150 000	-
18 Mottatte avdrag på videreutlån	1 542 816,98	2 150 000	2 150 000	-
19 Netto utgifter videreutlån	659 534,02	-	-	-
20 Overføring fra drift	1 960 784,00	1 798 000	1 120 000	1 036 476
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	-193 741,00	-	-	-1 382 150
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-	-	-	425 000
23 Dekning av tidligere års udekkebeløp	-	-	-	-
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1 767 043,00	1 798 000	1 120 000	79 326
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	-	-	-	-

Tabell 9 - Bevillingsoversikt investering - del 1 (2019-2020)

Kommunen har i 2020 gjennomført investeringar på totalt ca. kr 17 mill. Investeringane er i finansiert ved bruk av lån, salsinntekter, og momskompensasjon. Utgiftene i 2020 er fordelt på fleire mindre investeringsprosjekt, der ulike ENØK prosjekt er dei største. Ein del av låneopptaket i 2020 er knytt til sjølvkostinvesteringar.



Figur 10 - Bruk av investeringslån (2010-2020)

Avviksanalyse bevillingsoversikt investering - del 2

Bevilgningsoversikt investering - del 2

Område: Kommunedirektør	R-2020	B-2020 (endr)	B-2020 (opp)	R-2019
1006 REGIONDATA	911 910,93	1 273 000	1 273 000	311 290
1124 IKT KOMMUNEH/HELSE	195 120,62	500 000	250 000	393 948
Område: Kommunalsjef barnehage og utdanning				
2015 IKT INVESTERINGAR - GRUNNSKULE	1 207 174,11	625 000	625 000	529 536
Område: Kommunalsjef helse og mestring				
3024 VELFERDSTEKNOLOGI	-	625 000	625 000	-
Område: Kommunalsjef teknisk og beredskap				
3033 VAREHEIS VÅGÅHEIMEN	1 155 193,60	1 313 000	1 313 000	-
5013 LADESTASJONAR EL-BIL	-	-	-	96 097
5100 OPPGRADERING KOMM.VEGAR	761 537,08	1 800 000	1 800 000	2 411 346
5115 TRAFIKKTRYGINGSTILTAK	633 548,64	663 000	-	-
5120 Utskifting gateljos (LED)	247 129,00	207 000	-	-
5200 BRANNBIL	-	1 500 000	1 500 000	-
5203 FEIARBIL	190 000,00	190 000	-	-
5300 KOMMUNALE BILAR	396 895,50	450 000	450 000	325 000
5318 ENØK - VÅGÅHALLEN	-	-	-	163 140
5321 PROSJEKT HELSE OG OMSORG	1 339 190,36	2 412 000	2 412 000	938 635
5329 ENØK - KOMMUNEHUSET	3 078 763,75	3 125 000	2 865 000	-
5330 ENØK - UNGDOMSSKULEN	86 531,00	158 000	158 000	-
5338 FORPROSJEKT ENØK TILTAK	-	-	-	70 899
5340 ULLINSVIN	-	-	-	385 001
5341 SOLSKJERMING UNGDOMSSKULEN	-	-	-	488 200
5345 VENTILASJONSANLEGG EKSISMOEN	-	-	-	247 962
5346 STØTTEMUR HOLVEGEN	16 982,00	50 000	-	450 000
5351 TILTAK ETTER TRUSSELVURDERING (K-HUS/HELSEENTER)	89 159,00	188 000	188 000	-
5352 BRØYTEUTSTYR	244 375,00	200 000	200 000	-
5353 UNGDOMSSKULEN NYE YTTERDØRER	368 646,00	413 000	413 000	-
5503 OLJEUTSKILLAR	-	-	-	281 000
5504 UTBETRING SYMJEHALL INKL FORPROSJEKT	290 047,20	830 000	625 000	303 064
5658 FORPROSJEKT VASSFORSYNING LALM	-	-	-	127 070
5692 Brannsikring Skogbygd grrendahus	-	-	-	117 491
5693 Brannsikring Aktivitetshuset	-	-	-	112 365
5706 LALM VASSVERK	324 403,87	370 000	-	-
5709 TILTAKSPLAN VA	2 263 872,46	2 315 000	-	883 704
5711 VA LANGSKÅRE	-	-	2 000 000	-
5714 VA SKJELLUM	1 377 622,81	1 250 000	1 600 000	-
5716 BILAR VARS-SEKTOREN	220 438,00	220 000	350 000	-
Andre investeringar				
1001 FORMIDLINGSLÅN	853 275,02	-	-	668 426
1020 KLP-EIGENKAPITALINNSKOT	972 268,00	972 000	1 120 000	1 036 476
Finansiering investeringar:				
5011 TOMTESAL LALM	-	-	-	-82 104
5335 KOLBOTN INDUSTRIHALL	-167 695,00	-	-	-220 064
5354 Sal kommunale bustader	-544 915,50	-545 000	-	-
5999 FINANSIERING INVESTERINGAR	-16 511 473,45	-21 104 000	-19 767 000	-10 038 479
SUM INVESTERINGAR	-	-	-	-

Tabell 10 - Avviksanalyse investeringsrekneskap

Prosjekt 1124 og prosjekt 2015 - IKT

Innkjøp av IKT utstyr til kommunehuset og helsestasjon er fullført til ein lågare pris enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak at kartlegging av behov for mobiltelefonar i samband med oppseiing av fasttelefonar vart mindre enn

berekna. Innan grunnskule syner endelege rekneskapstal eit meirforbruk i 2020, grunna større behov for naudsynt IKT utstyr til bruk ved heimeundervisning og liknande som følgje Covid-19.

Prosjekt 3024 – Velferdsteknologi

Prosjektet har ein regional og ein lokal del. Avtala med å få på plass ny regional plattform for velferdteknnologi har gjort at det ikkje har vore gjort store lokale innkjøp i 2020. Avtala om ny plattform med NetNordic vart formelt signert heilt på slutten av året og legg nå til rette for at ein kan gå i gang med å få på plass dei velferdsteknologiske hjelpeidla ein ser er formålstenleg. I 2020 har vi fått på plass ein person som er delvis frikjøpt for å arbeide med implementering av velferdsteknologi i Vågå kommune. Det er difor gjort mykje godt grunn arbeid som legg til rette for fleire innkjøp i 2021.

Prosjekt 5100 – Oppgradering kommunale vegar

Prosjektet endar med ei større innsparing. Avviket forklarast med at fleire av tiltaka i 2020 er belasta driftsrekneskapen, grunna reglane om avgrensing mellom drift og investering, jamfør GKRS 4.

Prosjekt 5200 – Tankbil

Tankbilen vart bestilt som planlagt i 2020, men Covid-19 situasjonen førte til at den ikkje kunne leverast med nødvendig utstyr før i februar 2021.

Prosjekt 5321 – Prosjekt helse og omsorg

Realisering av helse og omsorgsprosjektet vart vedteke av kommunestyret i desember 2020 med ei ramme på nesten 150 mill. Prosjektet vil gjennom prosjektpериoda som går frå 2021-2024 bli delt inn i fleire delprosjekt. I Helse og omsorgsprosjektet er det mykje ombygging og renovering av eksisterande bygg, men det ligg og inne ein del nybygg. Grunntanken i prosjektet er å legge til rette for fleir steg i omsorgstrappa og gjennom meir tilpassa tenester skal kunne leve meir sjølvstendig lengre. På denne måten oppretthalde auka livskvalitet og friheit lengre. Det vil nok vera knytt noko usikkerheit rundt rekkefølgja på alle delprosjekt og framdrifta vil og kunne vera gjenstand for justeringar innanfor dei rammer som er vedteke. Frå 1. mai 2020 vart det tilsatt eigen prosjektleiar, og førebuingar vart igangsett på hausten. Det er stipulert byggestart i fyrste delprosjekt på vårparten 2021.

Prosjekt 5504 – Utbetring symjehall

Løvvinga til prosjektet var redusert med kr. 1,6 mill. i KS 67/20, med bakgrunn i realistisk framdriftsplan. Prosjektet har likevel ei innsparing. Prosjektet held fram i 2021.

Økonomisk oversikt – balanse

EIENDELER	Regnskap 2020	Regnskap 2019
A. Anleggsmidler	1 082 330 338	1 049 480 692
I. Varige driftsmidler	499 962 555	504 571 065
1. Faste eiendommer og anlegg	484 445 076	489 091 303
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	15 517 478	15 479 762
II. Finansielle anleggsmidler	80 735 469	79 316 865
1. Aksjer og andeler	17 046 346	16 074 078
2. Obligasjoner	-	-
3. Utlån	63 689 123	63 242 787
III. Immaterielle eiendeler	-	-
IV. Pensjonsmidler	501 632 314	465 592 763
B. Omløpsmidler	161 674 724	134 095 942
I. Bankinnskudd og kontanter	113 297 273	81 129 756

II. Finansielle omløpsmidler	-	-
1. Aksjer og andeler	-	-
2. Obligasjoner	-	-
3. Sertifikater	-	-
4. Derivater	-	-
III. Kortsiktige fordringer	48 377 451	52 966 186
1. Kundefordringer	24 684 805	28 906 259
2. Andre kortsiktige fordringer	-	-
3. Premieavvik	23 692 646	24 059 928
Sum eiendeler	1 244 005 062	1 183 576 635
EGENKAPITAL OG GJELD	Regnskap 2020	Regnskap 2019
C. Egenkapital	344 384 929	263 622 221
<i>I. Egenkapital drift</i>	81 335 737	57 841 351
1. Disposisjonsfond	61 072 991	41 195 395
2. Bundne driftsfond	20 262 747	14 031 601
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-	-
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	-	2 614 354
<i>II. Egenkapital investering</i>	20 937 150	20 743 409
1. Ubundet investeringsfond	12 039 722	12 039 722
2. Bundne investeringsfond	8 897 428	8 703 687
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	-	-
<i>III. Annen egenkapital</i>	242 112 042	185 037 461
1. Kapitalkonto	242 310 750	185 236 170
2. Prinsippandringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-251 378	-251 378
3. Prinsippandringer som påvirker arbeidskapitalen investering	52 669	52 669
D. Langsiktig gjeld	855 663 328	874 927 032
<i>I. Lån</i>	347 281 048	344 045 406
1. Gjeld til kreditinstitusjoner	347 281 048	344 045 406
2. Obligasjonslån	-	-
3. Sertifikatlån	-	-
<i>II. Pensjonsforpliktelse</i>	508 382 280	530 881 626
E. Kortsiktig gjeld	43 956 804	45 027 381
<i>I. Kortsiktig gjeld</i>	43 956 804	45 027 381
1. Leverandørgjeld	13 444 488	-
2. Likviditetslån	-	-
3. Derivater	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	29 952 186	44 341 388
5. Premieavvik	560 130	685 993
Sum egenkapital og gjeld	1 244 005 062	1 183 576 635
F. Memoriakonti	-	-
<i>I. Ubrukte lånemidler</i>	-15 643 741	-10 682 510
<i>II. Andre memoriakonti</i>	-1 568 083	-3 299 196
<i>III. Motkonto for memoriakontiene</i>	-17 211 824	-13 981 705


Tabell 11 - Økonomisk oversikt - balanse (2019-2020)

Gjeld og utlån

Langsiktig lånegjeld er auka med kr 3,2 mill. og utgjer no kr 347,3 mill. I tillegg kjem pensjonsforpliktingar på kr 508,4 mill. som er bokført som langsiktig gjeld. Ubrukte lånemiddel utgjorde kr 15,6 mill. ved utgangen av 2020.

Kommunen tek opp lån frå Husbanken og lånar ut vidare såkalla startlån til kommunen sine innbyggjarar. Av total lånegjeld utgjer låneopptak til slike formål kr 40,5 mill. ved utgangen av 2020.


Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og ubrukte lånemidlar. Tabellen under illustrerer utviklinga i netto lånegjeld pr. innbyggjar dei siste åra. Fram til 2010 var det ein sterk vekst, før utviklinga stabiliserte seg noko i tre år. I 2020 har lånegjelda minka med ca. kr 500 pr. innbyggjar, dette skuldast at netto lånegjeld er redusert med kr 2,2 mill. I den samla lånegjelda er det også lån med spesialordningar, som rentefrie lån og lån innanfor sjølvkostområdet.



Figur 11 - Netto lånegjeld pr. innbyggjar (2009-2020)

Fond

Ved utgangen av 2020 utgjer totale fond kr 102,3 mill. Disposisjonsfondet er kommunen sine frie disponibele midlar, og har auka med kr 19,9 mill. i 2020 etter at mindreforbruket på kr 14,2 mill. er avsett. Disposisjonsfondet utgjer no kr 61,1 mill., som er ca. 16,7 % av sum driftsinntekter.



Figur 12 - Fond (2015-2020)

Arbeidskapital og likviditet

Endringa i arbeidskapitalen skal seie om kommunen si betalingsevne har forbetra eller forverra seg i løpet av året. Det krev likevel ei nærmere analyse av innhaldet i arbeidskapitalen for å kunne seie om den reelle betalingsevna har auka eller minka.

Likviditetsanalyse

	2020	2019	Endring
Omløpsmidlar	161 675	134 096	27 579
Kortsiktig gjeld	-43 957	-45 027	1 070
Arbeidskapital	117 718	89 069	28 649
Ubrukte lånemidlar	-15 643	-10 683	-4 960
Bundne fond	-20 263	-14 032	-6 231
Ubundne investeringsfond	-12 039	-12 039	-
Udisponert resultat investering	-	-	-
Arbeidskapitalens driftsdel	69 773	52 315	17 458
Korreksjonar:			
Premieavvik (ligg inne i OM)	-23 693	-23 374	-4 628
Arbeidskap. driftsdel korrigert	46 080	28 941	12 830

Tabell 12 - Arbeidskapital (2020)

Arbeidskapitalen har i 2020 vorte auka med kr 28,6 mill. Arbeidskapitalen som er fri til drifta har vorte styrka med ca. kr 17,5 mill. i 2020, og viser eit positivt beløp med kr 69,8 mill.

Det er viktig at ein ikkje lenger let premieavviket gå inn i drifta, men at dette i sin heilskap bør bli sett av til disposisjonsfond for at kommunen kan sikre sin betalingsevne av løpende forpliktingar. I økonomiplanen for 2020-2023 er det lagt opp til at premieavvik blir avsett til fond.

Finansrapport 2020


Innleiing

Nytt finansreglement vart vedteke 29.09.2020 i kommunestyresak 54/20. Kapittel 9 i reglement gjev føringar for rapportering gjennom året (tertial) og i årsmeldingane.

Vågå kommune har vald ein låg risikoprofil, det vil si at plasseringar er gjort i bankinnskot. Vågå kommune har pr. 31.12.2020 sine plasseringar i bankinnskot med rentevilkår 3 månaders NIBOR +1,08% påslag. Bankplasseringane er i Sparebank 1 Lom og Skjåk.

Plasseringar i bank, rentepapir eller rentefond

Likviditetsutvikling



Figur 13 - Likviditetsutvikling (2019 og 2020)

Figuren viser likviditetsutviklinga gjennom heile 2020. Innbetaling av skatt og rammestilskot og utbetaling av løn forklarar dei fleste svingingane.

Plassering/formål	Beløp
Bankinnskot pr. 31.12.2020	114.704.038
Av dette utgjer bundne middel:	
Bundne driftsfond	20.262.747
Bundne investeringsfond	8.897.428
Ubrukte lånemiddel	15.643.741

Tabell 13 - Oversikt plasseringar/bundne midlar

Det var ved utgangen av 2020 ingen plassering i fond.

Risikospreiing

Vågå kommune har ved utgangen av 2020 alle sine innskot i same bank. Det vurderast løpande om innskotta skulle vore spreidd for å minske risikoen.

Gjeldsforvaltning

Samansetjing og vilkår for lån pr. 31.12.2020.

Rentetilknyting	Beløp	Del av lånemasse
-----------------	-------	------------------

P.t.-rente	82.949.962	23,9%
NIBOR-tilknytt rente	48.746.076	14,0%
Fastrente	215.585.010	62,1%
Samla	347.281.048	100%

Tabell 14 - Rentetilknyting (2020)

Den største lånegjevaren er Kommunalbanken, med sin del av den totale gjelda på vel 63%.

I samsvar med kommunens finansreglement skal minimum 20% av låna vere bundne til fastrente. På noverande tidspunkt utgjer fastrentedelen 62,1% av lånemassa.

Av tala i tabellen over er kr 40,5 mill. innlån til vidareformidling (startlån mm), alt med p.t. rente.

Opptak av nye lån og refinansiering av lån i 2020

Nye låneopptak er som følger:

Type	Vedtak	Storleik	Kommentar
Ordinært låneopptak, investering	KS 71/19	16.423.000	
Startlån til vidareutlån	KS 71/19	4.000.000	
Totalt		20.423.000	

Tabell 15 - Nye lån (2020)

I samband med det låge rentenivået var det våren 2020 inngått avtale om fastrente på ein større del av kommunens låneportefølje, samla inkludert nytt låneopptak i 2020 på om lag kr 125 mill.

Avvik

Det har ikkje vore avvik frå reglementet i 2020.